

## Plan for helsesamtalar og undervisning i skulehelsetenesta

Klassetrinn	Type helseundersøking	Føremål / tema
<b>Før skulestart</b>	Informasjon om skulehelsetenesta til foreldre og føresette ved innskriving	Gje foreldre og føresette informasjon om skulehelsetenesta sitt tilbod og samarbeidet mellom skulen og skulehelsetenesta.
<b>1. klasse</b>	<p>Individuell skulestartundersøking: Helsesamtale med helsesjukepleiar og helseundersøking med skulelege (<i>dette er einaste faste konsultasjon med skulelege</i>).</p> <p>Målretta samtale og frivillig underlivsundersøking til foreldre og jenter med bakgrunn frå aktuelle land, jmf. <a href="#">«førebygging av kjønnslemlesting»</a></p>	<p>Kartlegge barnet sine ressursar og evt. utfordringar. Ved behov kan vi sette inn tiltak og/eller koble inn andre samarbeidspartnarar.</p> <p>Førebyggje kjønnslemlesting og redusere plager.</p>
	«Bli kjend runde» i alle klassane	Informasjon om skulehelsetenesten
<b>2. klasse</b>	<p>Informasjon om vaksining i klasse. Skriftleg informasjon til foreldre og føresette i forkant av vaksining.</p> <p>Vaksine: <a href="#">difteri, stivkrampe, kikhoste, poliomyelitt (DTP-IPV)</a></p>	<p>Førebygge sjukdom</p> <p>Brosjyre: <a href="#">«Vi får vaksine»</a></p>
	Undervisning: <a href="#">Psykologisk førstehjelp</a>	Tema: Korleis meistre eigne følelsar
<b>3. klasse</b>	Undervisning i klasse på førehand av vekt - og høydemåling	<p>Tema: Kva skal til for å ha det bra?</p> <p>Film om vald <a href="#">«Vaksne skal aldri slå»</a></p>
	Individuell vekt- og høydemål, og en kort helsesamtale. Skriftleg informasjon om undervisning og helsesamtale, samt bakgrunn for og hensikt med målingane vert gitt til foreldre og føresette på førehand.	<p>Avdekke uheldig vekstutvikling.</p> <p>Ved behov får foreldre og føresette tilbod om oppfølgingssamtale med helsesjukepleiar/skulelege.</p>
<b>5. klasse</b>	Undervisning: <a href="#">Psykologisk førstehjelp</a>	Tema: Korleis meistre eigne følelsar
	Målretta samtale og frivillig underlivsundersøking til foreldre og jenter med bakgrunn frå aktuelle land, jmf. <a href="#">«førebygging av kjønnslemlesting»</a>	Førebyggje kjønnslemlesting og redusere plager.
	Samarbeid med skulen knytt til pubertetsundervisning	T.d. svare på spørsmål etter undervisning
<b>6. klasse</b>	<p>Informasjon om vaksining i klasse. Skriftleg informasjon til foreldre og føresette i forkant av vaksining.</p> <p>Vaksine: <a href="#">MMR (meslingar, røde hundar, kusma)</a></p>	Førebygge sjukdom

	Besøk frå NOK.	Spreie informasjon og kunnskap om seksuelle overgrep, og å få fokus på samfunnsforhold som kan bidra til å legitimere seksuelle overgrep.
<b>7. klasse</b>	Informasjon om vaksining i klasse. Skriftleg informasjon til foreldre og føresette i forkant av vaksining.  Vaksine: <a href="#">HPV for jenter og gutar</a> (to dosar)	Førebygge sjukdom
	Undervisning: Identitet, forventning og venskap.	
<b>Ungdomsskulen</b>	«Bli kjend runde» i alle klassane	Informasjon om skolehelsetenesten og HFU
<b>«Happenings»</b>	Markering av verdensdagen for psykisk helse	Tema: Psykisk helse
<b>8. klasse</b>	Individuell helsesamtale, inkl. høgde- og vekt mål, med helsesjukepleiar  Munnleg informasjon om helsesamtalane og bakgrunn for og hensikt med målingane gjevast til elevane på førehand.	Samtale om ulike tema, samt avdekke uheldig utvikling.  Ved behov får foreldre/føresette og ungdommen tilbod om oppfølgingssamtale med helsesjukepleiar eller skulelege.
<b>9. klasse</b>	Seksualundervisning	Spreie kunnskap og informasjon om seksuell helse
<b>10. klasse</b>	Informasjon om vaksining i klasse. Skriftleg informasjon til foreldre og føresette i forkant av vaksining..  Vaksine: <a href="#">difteri, stivkrampe, polio (DTP-IPV)</a>	Førebygge sjukdom
<b>10. klasse</b>	Besøk på «Helsestasjon for ungdom» (HFU) med helsesjukepleiar og lege	Om HFU-tilbodet